

REFERAT FRÅ FAU MØTE 10.APRIL

Tilstades: Ingunn Håverstad 6A, Line N Nilsen 5B, Beathe Amundsen 7A, Jan –Erik Bråten 4B, Gro Anita Ødelien 6C, Nissen Haugstad 9C, Trine O Løken 2A, Siri Forland 3A, Heidi Sandaker 5A, Svein Solhjell 10, Silje Solbakken 1A, Trine K Korsbøen 4A, Ingrid H Skrindo 9A, Gry Haavelmoen 10, Laila S Bergtun 8B, Elin Flaget 7B, Ellen Wang Fredriksen

1. Orientering om nasjonale prøver.

Alle har tilgang til resultat frå nasjonale prøver: <https://skoleporten.udir.no/>

2. Orientering om elevundersøkinga.

Alle har tilgang til resultat frå elevundersøkelser:

<https://skoleporten.udir.no/rapportvisning/grunnskole/laeringsmiljoe/elevundersoekelsen/nasjonalt?orgaggr=a&kjonn=a&trinn=7&sammenstilling=1&fordeling=2>

Gol skule ligg i hovudsak på landsgjennomsnittet.

3. Tid til å ete matpakke og organisering av skuledagen.

3.trinn meiner at skuledagen for 4.trinn ser full og travel ut med lite frileik, få og korte friminutt. Dei syns også at det er for kort tid til mat. Forslag om å gjere skuledagen lenger. Rektor informere om endringar som vart gjort i fjor etter innspel frå samarbeidsutvalet. Forslag om at 4-7.trinn får matpause på 25 min, og sluttar samstundes med ungdomstrinnet. Det er mange omsyn å ta bl.a. med buss, lærarane sin arbeidstid, men rektor tek med seg alle innspel til planlegging av neste år.

4. Nynorsk i undervisninga.

Gol kommune er ei nynorsk kommune, og elevar med nynorsk som målform har krav på å få undervisning på nynorsk i alle fag flg. Opplæringslova. Alt skrifteleg som kjem frå skulen skal være på nynorsk, og all skrifteleg undervisning skal være på nynorsk. Gol kommune har vedtak på at føresette kan velje målform ved innskriving på skulen. Elevane ved Gol skule som har nynorsk som målform, er i mindretal.

5. Skuleball.

Det kan opplevas som kjøpepress på klede osv. for å delta på skuleball. Dette kjem ikkje ifrå skulen, men blant enkelte av elevane. Skal me kalle det eit ball, eller kan det døypast om til noko anna? Foreldregruppa bør arbeide med dei "uskrevne" reglane som finns blant elevane. Andre syns ikkje det har vore noko press, det har vore fokus på gjenbruk. Ballet på Gol skule er ganske nøkternt. Det er også salg av brukte kjoler på skulen i forkant av ballet. Viktig at det blir lagt til rette for ein fin kveld der alle kan delta.

6. Orientering frå kommunestyremøte 19.mars.

Elin Flaget orienterar. Ligg ute på heimesida til Gol kommune.

7. Orientering om vidare saksgang med uteområdet.

Mads Elbrønd har bedt ulike aktørar om anbud på kunstgras, trampolineområdet, klatretak og preparering av grasområdet til ungdomstrinnet. Ramma er 500.000,- som vart bevilga til

uteområdet i fjor. Mads kallar inn til møtet når anboda er motteke. Manuel (lærer) har kontakt med 9.trinn som har laget teikningar for sykkelområdet. Dette ser ut til å bli finansiert med midlar gjennom Gol ungdomsråd. Arbeidet skal etter planen settast i gang i sommar. I vår skal det også lages ein søknad til kommunestyret om midlar til ein større klatrepark. Der er det eit prisoverslag på 1,4 mill. Dersom det blir bevilga midler til dette, vil ikkje arbeidet bli utført før sommaren 2020. Søknaden utarbeidas av bl.a. FAU leiar og FAU repr.

8. Eventuelt.

Herverk på skulen:

Dette gjeld i hovudsak ungdomstrinnet Det har vore mykje herverk på skulen, noko som er synd sidan skulen er ny og fin. Rektor ynskjer innspel og hjelp frå føresette for å få ein stopp på dette. Alle er einige i at dette er uakseptabel oppførsel som må få ein konsekvens for dei det gjeld. Oppdrar alle foreldre til å ta kontakt med skulen dersom dei høyrer noko om herverk heime, dette er ikkje sladring. Viktig at alle driv med holdningsskapande arbeid heime. Forslag om å auke/omorganisere vakter, og sjekke med andre skuler som har opplevd det same om dei har tiltak som har fungert. Kan politiet komme på banen med eit samarbeid?

Bekymring rundt ungdomsmiljøet i Gol:

Rektor ber om at alle passer på ungdommane i helgene /kveldane. Det er ungdom/born ned i barneskulealder som held til i Gol sentrum på kveldstid når dei burde vere heime. Det har vore meldt om fleire episodar med alkohol og bråk. Kranglar og slossing som har skjedd helgane, blir dratt med inn på skolen. Rektor har sendt brev til politet med eit ynskje om hjelp og samarbeid.

Natteravn:

FAU etterlyser natteravnordninga som var tidligare. Forslag om at dette tilbodet blir tatt opp igjen. FAU – leiar tek kontakt med Bente Andreassen (tidligere nattravn) for å få meir informasjon om ordninga.

Klassekontaktane på 8-10. trinn (Laila, Ingrid og Gry) sjekkar på trinna sine FB sider om det er stemning blant foreldra for å gå natteramn no i vår.

17.mai dugnad:

2019:

Kiosk: 10.trinn. Tingstugu: 8.trinn Program og brus: 9.trinn

2020 og fast i åra framover:

Kiosk: 8.trinn

Sette ut / ta inn stoler og talestol på Tingstugu: 10.trinn

Dele ut program og brus på skuleplassen etter toget: 9.trinn

Dette vil ligge fast på trinna. Alle føresette må belage seg på å delta på dugnad for sitt trinn 17.mai.